



Nortømmer as

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/1259 - 16/8960

Saksbehandlar:

Einar Færø

einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:

01.07.2016

## Løyve til transport av tømmer- dispensasjon

Me viser til dykkar søknad. Søknaden gjeld transport av tømmer i kommunal veg frå x FV 411 til postkassane på Erlestølen. (merka på vedlagt kart)

Vegen til Hallandsneset er av ulik kvalitet. På strekket det no vert søkt om dispensasjon for er det særleg to parti som merkar seg ut som usikre. I tillegg er kantane på heile det aktuelle strekket ikkje gode.

Me har likevel funne det forsvarleg å gje dispensasjon for transport av tømmer slik søkt om, men på vilkår:

Entreprenøren må sjølv ta ansvaret for, og kostnadane med oppretting av eventuelle skadar som transporten måtte påføre vegen. Kommunen vil i forkant av transporten, så godt det let seg gjera, lage tilstandrapport med bilete som dokumentasjon.

Om entreprenøren i løpet av oppdraget oppdagar skadar som vert påført vegen pliktar han å varsle kommunen straks om dette. Kommunen vil i slikt høve kunne stoppe vidare tømmertransport med for tunge lass.

Transporten skal berre kunne skje i tørre periodar og ved liten nedbørsmengde.

Med helsing

Einar Færø

leiar teknisk drift

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Post**

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

**Mottakarar:**  
Nortømmer as